



Amerikafana



RANDABERG HELSAR FRENDANE I AMERIKA

“Randaberg helsar frendane i Amerika”

Den gamle Amerikafana (1915)

For 98 år sidan sende Randaberg kommune ei vakker fane til USA, som gåve til utvandra randabergbuar. Fana er i dag i svært dårleg stand og er i ferd med å gå i oppløysing. Fana har vore lagra på Bersageltun sidan tidleg på 90-talet og fram til i dag. Fana er vakker med raud silkekappe, gull-bokstaver og bilete målt direkte på silkeduken. Teksten på fana lyder ”HILSEN FRA RANDEBERG”. Biletet på fana er henta frå Randabergfjellet og kysten rundt, og er signert Bernh. Holgersen, med datering 3/7. 1915. Du kan lese meir om Stavanger-målaren Bernhard Holgersen i artikkelen på neste side.

Den nye Amerikafana (1957)

Den gamle fana vart etterkvart øydelagt og ei ny fane vart laga i 1957, etter vedtak i formannskapet (1956 og 1957) og heradstyret (19.2.1957). Heradstyret gav 2 500,- kroner til ny fane. Sjå sak om møtebøker på neste side.

Den nye Amerikafana har brodering på begge sider. På framsida står teksten RANDABERG HELSAR FRENDANE I AMERIKA, saman med eit brodert hovudmotiv som viser Randabergkyrkja og kvinne og mann som haustar korn. Dette broderiet er laga på bakgrunn av ei teikning av Henry Imsland, Stavanger Aftenblad sin legendariske teiknar gjennom meir enn 60 år.

Fana er montert på Broderistuen på Storhaug i Stavanger. Ifylgje Anne-Marie Tveit, eigar av Broderistuen og i dag busett på Randaberg, var det fru Imsland som broderte biletet på fana. Fru Imsland var sjølv ikkje tilsett i Broderistuen, men var likevel mykje nytta på grunn av sitt dyktige handlag med saum.

Den nye fana kom attende til Randaberg i 1992/1993, etter at lærar Arne Aadland fekk spore opp fana på ein låve under ei vitjing i Amerika. (Kjelde: Halldis Jaatun, Anne-Marie Tveit, IKA Rogaland)



BILETA OVER OG TIL HØGRE: Den gamle fana datert 3. juli 1915 (signaturen ser du i biletet til høgre) med motiv henta frå Randaberg. Mest truleg har fanekunstnar Bernhard Holgersen frå Stavanger stått ved Bø og vendt blikket mot Randabergfjellet i nord-austleg retning. Biletet er målt direkte på silkeduken. Sjølv om biletet har tapt seg ein del i fargane, er måleriet noko av det som er heilt igjen av fana. Silkeduken er smuldra opp.

Bygdelagsfanene gitt til immigrantane

Omkring første del av 1900-talet gjekk dei norske immigrantane i Amerika i lag og starta bygdela. Desse laga hadde nær tilknytning til heimbygdene, soknesamfunn, ungdomslag eller kommunar i heimlandet. 17. mai og om somrane var det høve til å samlast for dei norske utvandrane, slik det ofte er nemnt i dei breva som vart sende heim. Kyrkjer og kyrkjesamfunn, samt organisasjonar for immigrantane er døme på slike treffstadar.

Ei av dei første større samlingane av utvandra nordmenn, var i Minnehahaparken i Minneapolis i 1899. Då var det samla omkring 800 immigrantar frå Valdres. Desse valdrisfolka tok kort etter initiativ til å starta det første bygdelaget: Valdres Samband, stifta i 1903. Tre år etter starta folk frå Telemark Telelaget of America.



I 1910 var det i fylgje statistikken omlag 402 587 norskfødde immigrantar i Sambandsstatane. I lag med familiemedlemmene utgjorde dette meir enn ein million mennesker. Frå Rogaland og dei fleste andre delar av landet vart det organisert bygdela. For Rogaland har det vore knytta til mindre bygdela og soknelag gjennom *Stavanger Amt Laget*, der laget har fungert som paraplyorganisasjon.

Korleis fekk desse lokale laga sine faner og når var fanene nytta?

Nokre av fylkeslaga fekk faner ved festlege høve eller større markeringar, slik som *Hallinglaget* då representantar var på besøk i Hallingdal sommaren 1918. Som takk for dei gåvene immigrantane hadde skaffa til Noreg, eller teke med til heimlandet, fekk *Hallinglaget* overrekk ei fane produsert i Kristiania (Oslo). Hovudmotiv på fana er av Hol Stavkyrkje og Hallingskarvet i bakgrunnen. Faneord på fana er "Lat oss ikkje forfedrane Gløyma". Ideen om å ha kontaktar og samla inn midlar til heimlandet var ei av hovudsakene som bygdelaga arbeidde med. I tillegg til å innby til årlege stemmer og å gje ut jubileumsskrift, hadde dei lokale bygdelaga ofte innsamlingar. Rogaland hadde totalt 34 lokale bygdela. Av desse hadde omkring 17 av bygdelaga frå Rogaland fått faner i 1919.

Identitet og symbolbruk på banner og immigrantfanene

Motiva på fanene var ofte symbol på kulturen eller den bakgrunn og levemåte immigrantane hadde med seg. For Rogaland er det råd til å finna parallellar: Karmøy og fleire Ryfylke-lag har kystmotiv med båtar og landskap. Fana frå Årdal ser ut til å ha vorte eit mønster, i alle fall for den mest nytta fanekunstnaren, **Bernhard Holgersen**, i firmaet Holgersen og Ande.

Holgersen har truleg målt meir enn 25-30 bygdelsfaner, blant desse Randberg-fana 3. juli 1915. Fanekunstnaren sjølv skildrar etterspurnaden etter faner slik: "- Alle slags foreningar, skoler og sportsklubber skulle ha sin fane ... Motiverne til bygdefanerne har vore forskjellige. Paa Suldalsfanen malte eg et gjilt motiv med Suldalsporten i bakgrunden og et brudefølge roende paa vandet. Haalandsfanen har en figur som skal forestille Erling Skjalgsson som staar og ser utover havet, og paa Aalgårdsfanen ser en hele byen med elven og fabriken i bakgrunde, Tysvær fik Kleng Peersons gaard." (Kjelde: *Udatert artikkel i "Stavangeren", gjengitt i "festskrift for Stavanger Amt Laget, 1936*).

Møtebøker frå formannskapet og heradstyret i Randberg

Vedtaka om ny Amerikafane er benta frå møtebøkene til formannskapet og heradstyret 1952-1965 og møtebok formannskapet 1957-1965. Her eit utdrag frå desse møtebøkene:

Formannskapet 6.8.1956, sak 117


"Skriv frå Johannes Viste med søknad og et spørsmål om ny Amerikafane vert teke opp. Tilråding: Det vert vald ei nemnd på 3 medlemmer som skal kome med utkast og kostnadsoverslag til heradstyret. Til nemnd vil ein tilrå: Johannes Viste, Ole Vistnes og Bernh. Viste".

Heradstyret 19.2.1957, sak 13

"Løyving til Amerikafana. Framlegget frå den nedsette nemnd vart vedteke samrøystes når det galdt framsida av det utkastet som låg føre. Baksida av faneutkastet skal ein få omarbeidd og føreleggjast eit seinare møte. Det vert løyvt kr 2500,- samr."

Formannskapet 12.4.1957, sak 31

"Framlegg til utkast til Amerikafana (Baksida). Nemnda kom med eit tillegg til det fyre utkastet. Formannskapet finn at det nye tillegg ikkje gjer utkastet betre og gjer vedtak om å godkjenne det fyrste utkastet".



Takkebrev frå Amerika

De Kalb Del
Sept. 18 - 1957

Ordfører Andreas Harestad
til Randberg kommune:

Jeg maa paa Randberg folkets vegne her i Amerika faa sende dere i Randberg en hjertelig tak for den flotte og storslagne fane som dere sendte over til oss her.

Det var beklagelikt at den ikke kom frem til Stavanger-lagsstevnet i sommer, saa det er bare noen faa stykker av oss som har set den endnu.

Det er altid en stor begivenhet naar et bygdela faar en ny fane til at indvie.

Den gamle fane har gjort god tjeneste i disse mange aar, endel reparation har været gjort paa den fra tid til anden, men nytt på gammelt holder da ikke svært lenge isammen.

Saa atter en tak for dette nye mindre flag som vi har faat. Håber det vil fortset at binde oss til vor norske arv naar vi samles paa vore bygdelagsstevner til opbyggelse om Guds rige naades ord.

Hjerteligst
paa lagets vegne
Kristian Todnem

Fanedetaljer



STORT BILETE: Ny fane frå 1957. ØVRIGE BILETE: Detaljar frå den gamle fana frå 1915. Silken er i ferd med å smuldre bort. Det einaste som er heilt igjen (om enn falma) er biletet laga av Bernhard Hølegersen, motiv Randbergfjellet, enkelte bokstavar, frynser og rästang.